




ÅRSMELDING 2025



Hordaland Bonde-
og Småbrukarlag



*Foto og forsidefoto:
Mari Austvoll Gjengedal*

Layout: Mari Austvoll Gjengedal

*Alle tekster: Åse-Marie Reisæter og Mari Austvoll
Gjengedal med mindre anna er spesifisert.*

Heimeside: www.smabrukarlaget.no
Facebook: [www.facebook.com/
hordalandbondeogsmabrukarlag](https://www.facebook.com/hordalandbondeogsmabrukarlag)
Instagram: @hordalandbondeogsmabrukarlag

Org.nr. 971357282
Kontonr. 9581 10 76644
Vippsnr: 815752
Epost: hordaland@smabrukarlaget.no

INNHALD

Leiar	5
Styret i arbeid	6
Årsmøte i Florø	9
Uttaler frå årsmøtet	10
Medlemsutvikling	15
Intervju med Lars Helge Ljone	17
Hovudaktivitetar:	
Politisk turné	18
Inspirasjonssamling	26
Møter med kraft i	28
Andre aktivitetar:	
Gjenoppliving av Osterøy lokallag	31
HMS-vandring på Oma	32
Mening, mat og mot	33
1. mai i Odda	34
Årsmøter i lokallaga	35
Totalberedskapsdagen	36
Slaktekurs	38
Politikk:	
Demonstrasjon i Haugesund	41
Jordbruksforhandlingene	42
Frukt og bær	46
Beitegruppa	48
Innlegg i Media	48
Landsmøtet til NBS	52
Medlemskommunikasjon	54
Tillitsvalde 2025	56
Rekneskap 2025	58



HOLT/GJØEN

MASKINENTREPRENØR



Tlf. 46 77 49 00
post@hvaas.no



- Graving
- Natursteinmur
- Boring
- Sprengning
- Transport
- Riving
- Broyting



LEIAR

I 2024 nådde norsk selvforsyningsgrad et nytt bunnivå. Justert for fôrimport produserte vi kun 34,9% av maten vi spiser selv. Det vil si at i en krisesituasjon hvor importen kollapser, vil to tredjedeler av maten vår forsvinne. Samtidig når også antall bønder stadig nye bunnivåer. I 2025 var det under 37 000 som søkte produksjonstilskudd.

Det er ikke rart at disse to utviklingstendensene henger sammen. Som vi vet er jordbruk bruk av jord, og når det blir færre hender i jordbruket, blir selvforsyningen lavere. Det fins en grense for hvor mange jorder én bonde kan rekke over, og en grense for hvor mange timer det er i døgnet. Når den grensen er nådd, går jord ut av drift, og selvforsyning blir naturlig nok lavere.



Foto: Ingerid Jordal

Samfunnets grense for hvor få bønder vi kan være og likevel opprettholde selvforsyningen vår, har forlenget blitt nådd. Likevel er det få politikere der ute som snakker om at vi må bli flere bønder. Tvert imot er det flere i politikken og forvaltningen som ser ut til å synes at det er helt greit at vi fortsatt skal bli færre. Miljødirektoratets anbefaler faktisk i sin nye rapport *Klimatiltak i Norge i 2026* at vi tar 1/3 av jordbruksarealet vårt ut av drift og reduserer antall årsverk i jordbruket med 33%. Som de skriver: "Ved at areal tas ut av drift og bruk legges ned, vil utslipp til luft og vann fra jordbruksdrifta reduseres og jordbruksarealene vil gradvis gro igjen." Dette er hårreisende lesning. Hva da med matberedskapen, og hva med alle bygdene og lokalsamfunnene som byråkratene mener at skal utrangeres?

Vi lever i selvmotsigelsenes tid. Landbruket skal legges ned av miljøhensyn. Samtidig skal selvforsyningen øke. Totalberedskapsmeldingen har et mål om en selvforsyningsgrad på 50%. Da er spørsmålet: Når man bor i et land hvor 95% av arealet er utmark og 2/3 av innmarken er gras, hva er den viktigste bærebjelken for selvforsyning? Selvsagt er det beitebasert produksjon, altså kjøtt og melk fra dyr som kan spise gras - i motsetning til oss selv. Det er sunn fornuft.

Ruralis anslår at vi trenger 14 000 flere gårder i drift for å nå målet om 50% selvforsyning. Selv tror jeg dette er et lavt anslag når vi begynner å regne på andre innsatsfaktorer enn kun importert fôr. Norsk Bonde- og Småbrukarlag er den eneste organisasjonen i landbruksfamilien som tør å si høyt å tydelig at vi trenger flere bønder, ikke færre. Det er jeg stolt av. Det er tydelig at vi trengs mer enn noen gang.

Mari Austvoll Gjengedal

STYRET I ARBEID

EIT AKTIVT ÅR

Styreperioden 2025-2026 går inn i historia som eit aktivt år for Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, kor styret har arbeida jamt og trutt for å styrka organisasjonen og byggja grunnlaget for framtidig organisasjonsutvikling.



Fylkesstyret 2025-26 fr.v: Jarle Helland, Birte Larsen, Tina Bøe Buer, Anton Langeland, Øystein Eik, Nils Martin Seim, Mari Austvoll Gjengedal, Knut Conrad Milde og Håvard Holt.

Styret har i laupet av perioden hatt 10 styremøte, kor seks har vore fysiske og fire har vore digitale. Vi hadde óg eit heildags fysisk styreseminar på Bergen strutsefarm etter årsmøtet for å bli betre kjent med det nye styret og bli eininge om mål og fordeling av oppgåver for det kommande året. Eit slikt oppstartsseminar har vist seg å vera veldig nyttig for å få ein god start på styrearbeidet.

Vertskap for styremøta har gått på rundtgang blant dei ulike styremedlemmane. Det har danna ein god og hyggeleg ramme for møta våre.

Eit viktig mål for det sitjande styret har vore å auka aktivitetsnivået i organisasjonen, gjera oss meir synleg lokalt, og rusta oss for vekst. Mykje av dette handlar om å ta laget inn i ei ny tid med høgare grad av profesjonalisering, ein meir aktiv grasrot og betre rutiner for drifta på både fylkes- og lokallagsnivå. Internt har vi mellom anna jobba med å få betre rutiner for økonomistyring, å få vedtektene i laget på stell, og førebu saker til fylkesårsmøtet som skal bidra til meir giv og engasjement i organisasjonen i åra framover. Dette er arbeid som vonleg vil gi god avkastning i åra som kjem, og ein kan jo håpa at

den medlemsveksten vi har hatt i det siste er eit positivt frampeik.

Ei anna prioriteringssak for styret har vore å betre kontakta med lokallaga våre. Vi har begynt å ha digitale lokallagsmøter 3-4 ganger i året som skal styrka kommunikasjonen mellom lokallaga, og mellom lokallag og fylket. Dette vil vi halda fram med, i tillegg til å utforske andre måter vi kan følgja opp lokallaga betre slik at vi kan vera ein så god ressurs og støtte som mogleg.

Aktivitetsnivået mellom dei ulike lokallaga er varierende, og i tråd med den nye strategien til NBS er det eit klart mål at aktiviteten jamt over skal aukast og at alle medlemmar skal kunna vera med i eit aktivt lokallag som gjennomfører medlemsretta aktivitet der ein bur. Frå fylkeshald har vi arrangert fleire aktiviteter enn tidlegare, og det er eit mål å i så stor grad som mogleg arrangera desse i lag med lokallaga slik at vi kan gi ein boost til den lokale aktiviteten.

Foruten arbeidet vårt med organisasjonsutvikling har vi fortsatt å gjera kjerneoppgåver og vera til stade på viktige arenaer. Det er stadig møter i forskjellige politiske samarbeidsfora som fylkesstyret har ansvar for å delta i, til dømes jamlege møter i landbrukspartnerskapen mellom statsforvaltaren, Innvasjon Norge, fylkeskommunen og faglag. Desse møta har politisk nestleiar Anton Langeland stilt på i år. Knut C. Milde har vore fast representant i beitegruppa, som er ei samordningsgruppe i regi av statsforvaltaren, medan Mari Austvoll Gjengedal har representert laget i dei fleste andre formelle fora som Landbrukssamvirket

vest, forskjellige årsmøter hjå samarbeidsorganisasjonar og møter med politiske aktørar. Mari har òg deltatt på fylkesleiarssamlingar og representantskapsmøte, og sat på vegne av fylkesleiarane i strategiutvalet som arbeida med å laga NBS sin nye strategi. I forbindelse med inspirasjonssamlinga for unge og framtidige bønder sat både Mari og Håvard i arrangementsgruppa frå fylkesstyret.

Sjølv om vi er i vekst, er vi framleis ein liten organisasjon med begrensa ressursar og ein organisasjonssekretær i 30% stilling. Det inneber at styret må vera eit arbeidande styre, og det vert lagt ned ein betydeleg dugnadsinnsats ned av fylkesstyremedlemma. Denne innsatsen er heilt avgjerande for framtida til organisasjonen. Det er viktig å tenka langsiktig i valnemd- og styrearbeidet i åra framover og alltid jobba med å få inn nye ressursar i styret som er engasjert for dette arbeidet og motivert for å byggja laget vidare.



Fylkesleiar Mari og organisatorisk nestleiar Håvard Holt på veg til årsmøte og Kraft-arrangement i Sveio. Det har vorte mange timer i bil saman dette året, og Håvard har vore ein nøkkelressurs som organisatorisk nestleiar.

Nyt naturen på huden



Me plukkar viltvoksende plantar, brukar biene våre sine råstoff, og produserer økologiske produkt for hand.

vossabia.no



ÅRSMØTE I FLORØ

EI KJEKK OG SOSIAL HELG

Årsmøtet 2025 fann stad 15.-16. mars og var denne gong i Florø. Tradisjonen tru har Hordaland og Sogn og Fjordane felles årsmøtesamling, og no var det Sogn og Fjordane som stod for arrangeringa, så vi kunne komma til duk og dekkja bord.

Programmet for helga hadde tema "positivitet i landbruket". Det var innlegg frå Petter Simonsen frå Østre Pavestad gard, Anita Roset frå Innvik fruktlager og NLR-rådgivar Kolbjørn Taklo. Organisatorisk nestleiar i NBS Margrethe Figved deltok óg på helga og leia strategi-verkstad.

Til sjølve årsmøtet på sundagen deltok 17 utsendingar med stemmerett frå Hordaland, pluss fylkesleiar og fylkessekretær.

I talen til årsmøtet la leiar Mari Austvoll Gjengedal vekt på kor viktig det er at me når ut til folk flest og får dei til å skjønna at matproduksjonen er til for dei. For at folk skal engasjera seg, må me våga å seie ting som dei er sjølv om me blir ankлага for å svartmale. Samstundes er det viktig at me har tru på at ting kan bli betre. Me i Bonde- og Småbrukarlaget vil arbeida for å skapa gode sosiale møteplassar. Skal me ha eit berekraftig landbruk, må me ha det bra, og tilhøyrgheit er viktig.

Årsmeldinga vart gjennomgått og einstemmig godkjent. Ein kommentar var at uttalanane frå årsmøte 2024 ikkje er med i årsmeldinga. Prisnedskrivning på kraftfôr vart diskutert. Meiniane om dette er delte innad i organisasjonen.

Rekneskapen for 2024 vart lagt fram og godkjent. Rekneskapen synte eit overskot på 47 786,-. Overskotet kom hovudsakeleg av at ein hadde hatt lågare utgifter knytt til aktivitetar, styremøter og representasjon enn forventa. Budsjett med planlagt underskot på 25 600 vart lagt fram og vedteke utan endringar.



Stort engasjement under gruppearbeidet.



Arne Lofthus og Sindre Taxt Måge frå Ullensvang presenterte framlegg til årsmøteuttale om frukt og bær.

Fleire lokallag ynskjer bannere og liknande ting til bruk på ulike arrangement. Me vil prøva å leggja til rette for felles bestilling av materiell, vervebrosjyrar o.l. framover.



UTTALER FRÅ ÅRSMØTET

På fylkesårsmøtet i Florø 15.-16. mars vart det vedteken fire uttaler av Hordaland og Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag i fellesskap. Du kan lesa uttalene i sin heilskap på desse sidene.

SKAL FRUKTNÆRINGA VERE EI STENGD NÆRING?

I 2024 er dette realiteten, ut frå vedtatt politikk frå dei enkelte fruktlagera og grunna at Gartnerhallen ikkje godtar nye planteplanar. Det er ikkje plass til fleire produsentar eller meir norsk frukt.

No gjev grossistane (Bama, Coop og andre) melding til fruktlagera om at mengene av norsk frukt i marknaden er uhandterleg for nokre varesortar. Dette kan vere eple i deler av norsk sesong, plommer og bringebær.

Auke i planting i alle norske fruktdistrikt har vore med å skapa desse utfordringane. At store areal med tradisjonell kornjord blir nytta til fruktdyrking på austlandet og i Telemark med gode investeringsmidlar frå det offentlege, bidreg til å forsterke salsproblema.

Når fruktlagera får melding om å ikkje å auke mengdene frå sine medlemer, eller å redusere mengdene, gjev dette seg utslag i utestenging av nye, potensielle medlemer til fruktlagera.

Sentraliseringa innan norsk fruktproduksjon er no ein realitet. Sentrale strok av landet aukar opp sin del av marknaden. Dette skjer heilt utan politisk kontroll av næringa.

Tollvernet er svakt og gammalt. Politiske myndigheiter sine mål om meir norsk frukt og grønt, og større norskandel av marknaden, ser ut til å vera skrivebordsynske utan reell styring. Myndigheitene har ikkje politisk styring med matomsetnaden i Noreg. No er det den sterkaste sin rett til å produsera og få selt produkta sine som gjeld. Det store spørsmålet blir korleis me kan hindra at næringa blir ei stengd næring? Kva vil bortfall av potensielle unge, nye bønder på Vestlandet få å seia for våre sårbare bygder?

Årsmøtet i Hordaland og Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag meiner:

- Me må ha eit treffsikkert tollvern som sørgjer for at norsk frukt og grønt er konkurransedyktig i sesong. Tollvernet bør utvidast på bakgrunn av ny lagringsteknologi.
- Norsk matproduksjon må kanaliseras til det distriktet som er best eigna, Vestland, gjennom tak på tilskot på fruktproduksjon, og gjennom teigbasert tilskot som gjer bratte teigar lønsame.
- Stimulering til korndyrking på austlandet så det ikkje er lønsamt å bruke kornjorda til epletre
- Gartnerhallen må prioritere å godkjenne planteplanar for frukt og bær på vestlandet. Ein må auke produksjonen her, for å auke sjølvforsyninga og sørgja for at nye produsentar får plass i fruktlager
- Vestland fylkeskommune må gjera om på anbodspolitikken når det gjeld innkjøp av matvarer. Lokalprodusert må ha høg prioritet ved innkjøp av matvarer til alle fylkeskommunale institusjonar. Slik kan ein sikra omsetjing av norskprodusert mat også utanfor butikkjedene.

OPPSTALLING AV STORFE I EIT BEREDSKAPSPERSPEKTIV

Det er eit krav at alle storfefjøs skal ha lausdrift frå 1.1.2034. I Sogn og Fjordane har vi om lag 90 båsfjøs. Mange av dei vil legge ned drifta om kravet om lausdrift tek til å gjelde.

Forsking tildeler ikkje den eine eller andre driftsforma store fortrinn når det gjeld dyra si velferd. Likevel står konklusjonen om at båsen skal vekk, fast. I ei tid med fokus på berekraftig utvikling og reduserte klimaotslepp ved å gjenbruke ressursar, ser vi det som forkasteleg å vrake fjøsar som kan brukast lenger enn til 2034.

- Vi treng alle dei fjøsa vi har for å kunne oppretthalde og mogeleggjere produksjon på så mange gardar som mogeleg.
- Infrastrukturar med særleg vekt på skule og barnehage må bli ein vesentleg debatt for faglaget. Skal ein oppretthalde landbruk over heile landet, må ein sørge for at dagens og framtidens bønder har tilgang til skule og barnehage i eiga bygd.
- Økonomien er av særleg betydning. Med krig og handelskrig er det uforutsigbart korleis kostnad og tilgang til materiale til nybygg. Dette er ikkje tida for å ta sjansar. No må landbruket rustast til å vere den beredskapen vi alle treng. Ein bør unngå å vrake eksisterande og brukbare driftsbygningar. Lausdriftskravet skal knytast til nybygg.

VI MÅ VERE BUDDÉ PÅ FRAMTIDA

Vi lever i ei tid der tryggleiken vi er vane til å ha rundt oss er sett i spel. Vi har krig i nærområda våre, vi har synkende matproduksjon grunna krigen, og vi har ustabile statsleiarar. Rettar opparbeidde over tid og demokratiske prinsipp blir sette på prøve.

Vi har ekstremver som utfordrar planteproduksjon, som aukar rasfaren og øydelegg vegar.

Regjeringa vil ruste opp og investere i forsvaret vårt. Men soldatar treng mat.

Vi har ein sjølvforsyningsgrad på under 40%. I eit land der 3% av arealet er dyrka mark, er det viktig at vi brukar denne jorda til å produsere mat. Då er det viktig at vi har levande lokalsamfunn der denne jorda ligg, slik at bønder og småbrukarar som har vilje til og kunnskap om matproduksjon held fram med det.

For å halde oppe , og helst styrke matproduksjonen i Noreg, er det tre ting som må vere på plass.

- Vi må ha infrastruktur i distrikta. Det trengst barnehagar, skular og trygge vegar. Jorda ligg der den ligg. Som bonde og matprodusent må du ha krav på at det er mogeleg å ha ein familie samstundes som du produserer mat. Må folk flytte på grunn av mangel på nødvendige tilbod der jorda er, vil jorda gå ut av drift.
- Bønder må ha inntekt på same nivå sam andre grupper i samfunnet.
- Vi må ha velferdsordningar som ivaretek bønder på lik linje med andre i samfunnet.

Sjølvforsyning, beredskap og trygg mat er heilt avgjerande for framtida til Noreg.





VESTLANDET TRENG TEIG-BASERTE TILSKOT NO

Å få på plass eit teigbasert tilskot må vera ein prioritet for heile Noreg, men er særleg viktig for alle dei områda som står størst i fare for å gå ut av drift. Fylket vårt har mindre gardsbruk, mindre teigar, brattare terreng, meir nedbør, meir utmark og vanskelegare grøftetilhøve enn dei fleste andre stadar. Dagens tilskotssystem klarar ikkje å ta høgde for desse forskjellane.

I den stadige effektiviseringa og sentraliseringa av det norske jordbruket, er Vestland blant områda som vert rasjonalisert bort først.

Bønder som driv jordbruk i bratte bakkar og på marginale areal, produserer mat i ei heilt anna verkelegheit enn bønder som driv på flate, store og veldrenerte marker. Det teigbaserte tilskotet må bidra til å kompensera for alle driftsulempene som kjem av å produsera mat i eit variert land med ulike geografiske og topografiske tilhøve. Tilskotssystemet må sikra at alle bønder, uavhengig av kor dei driv og kva arealressursar garden har, får ei rettvis inntekt for timene som vert lagt ned i jordbruket. Eit teigbasert tilskot vil vera den smidigaste løysinga for å få dette til.

Om vi skal auka sjølvforsyninga i Noreg er det heilt avgjerande at alle arealressursar vert lønsame. Det inneber at tilskota vert flytta frå dei lettdrevne areal til dei meir krevjande areala, samt at vi får ei generell inntektsauke i ei jamt over underfinansiert næring.

Vi ber Norsk Bonde- og Småbrukarlag og alle andre aktørar i landbrukspolitikken å pressa på for å få på plass eit sterkt og godt innretta teigbasert tilskot i heile landet så fort som mogleg. Det overordna føremålet må vera at driftsulempar vert kompensert gjennom tilskotssystemet slik at alle jordbruksareal i landet vert lønsame. Berre slik kan vi oppnå auka sjølvforsyning og jamstilling.

PÅ LAG MED NATUREN I HORDALAND

Hardanger Hagehjelp er din lokale ekspert på:

**Tre, skog og hage. Frå planting,
skjøtsel til felling og opprydding m.m.**

Kontaktinfo: Nedst på sida.

VIL DU JOBBA UTMOMHUS I SOMMAR?

Me treng fleire hender til sommarsesongen 2026
(juni–sept).

Arbeidsoppgåver:

- **Hageskjøtsel:** Plen, hekk, lusing m.m.

Me ser etter deg som:

- Likar fysisk arbeid og frisk luft.
- Er sjølvstendig, punktleg og blid.
- **Har førarkort kl. B (fordel med BE).**
- **Du må bruka eigen bil med tilhengarfeste.**

**Søknad: Send CV og ein kort tekst til e-post adressa
under.**

Frist: 15.04.2026

Kontakt: Arborist, gartner og agronom

Kristoffer Nerhus, Stussvikvegen 16, 5637 Ølve.

E-post: kristoffer.nerhus@hardangerhagehjelp.no

Heimeside: hardangerhagehjelp.no


Mob: 98 80 41 05



MEDLEMSUTVIKLING

EIN ORGANISASJON I VEKST

Hordaland Bonde- og Småbrukarlag hadde ei god medlemsutvikling i 2025 med ei netto vekst på 61 medlemmar. Dette viderefører og forsterker ei positiv utvikling vi har hatt dei siste åra. Sidan 2019 har vi gått frå 560 til 730 medlemmar, som gjev ei samla vekst på 30% i laupet av denne perioden.



Det er veldig gledeleg å sjå at medlemstalet i organisasjonen vår går opp. Dette skuldast nok fleire ting, men auka fokus på synlegheit og verving både frå NBS sentralt og frå fylkeshald er heilt sikkert ein viktig del av forklaringa. Frå fylkesstyret har det særleg vore fokus i 2025 på å hjelpa og stimulera til meir aktivitet i lokallaga rundt omkring i fylket. Aktivitet gjer at vi vert meir synlege, og at det skjer noko der ein bur er ein viktig motivasjon for mange til å melda seg inn.

Når det gjeld kva tid på året folk melder seg inn, ser vi at det i 2025 var tre periodar med særleg mange innmeldingar. Den første var i mars, då NBS hadde ein kampanje for gratis innmelding av husstandsmedlemmar. Den andre var kring september, i forbindelse med at vi arrangerte inspirasjonssamling for unge og framtidige bønder. Og den tredje var i november og desember, då det var gratis innmelding for alle nye medlemmar. At Norsk Bonde- og Småbrukarlag var aktuell og synleg i media med landsmøtesakene om samordningsregelen, standpunktet mot metanhemmarar og kravet om å reforhandle klimaavtala for landbruket trur vi òg bidrog til svært mange innmeldingar på slutten av året.



MEDLEMSUTVIKLING I LOKALLAGA

Alle lokallaga fekk nye medlemmar i 2025, men nokre av laga skil seg særleg ut.

Lokallag	Nye medlemmar i 2025	Totalt medlems-tal februar 2026
Bømlo og Stord	3	30
Etne	2	37
Kvinnherad og Kvam	16	70
Masfjorden	2	34
Midthordland	25	95
Osterøy	2	20
Radøy	9	74
Sotra og Øygarden	1	28
Sveio	3	28
Tysnes	4	23
Ullensvang	10	144
Ulvik	15	35
Voss	13	108

Det lokallaget som fekk flest medlemmar totalt var Midthordland Bonde- og Småbrukarlag med 25 innmeldingar. Dette laget har også høgast aktivitet, og det er nok grunnen til veksten. Midthordland har sidan 2022 gått frå rundt 40 medlemmar til no nesten 100 etter at dei byrja å ha medlemsretta arrangement om lag ein gong i månaden.

Ullensvang og Voss er framleis våre to største lokallag, men tal utmeldingar ligg ganske jamt med tal innmeldingar, så medlemstalet her er ganske stabilt.

Kvinnherad og Kvam har hatt ein netto vekst og fått 16 nye medlemmar. Inspirasjonsseminaret for unge og framtidige bønder vart halde i Norheimsund, og dette bidrog nok til at fleire unge folk meldte seg inn her.

Men størst prosentvis vekst har Ulvik hatt. Med 15 nye medlemmar i 2025 hadde laget ein vekst på heile 75 prosent, noko som er best i landet! Med det vann lokallaget ikkje berre fylket sin vervekonkurranse, men òg NBS sin førstepris på 6000,- som vart utdelt på landsmøtet. Formidabel innsats!

EIN PRAT MED SUPERVERVAR

LARS HELGE LJONE



Lars Helge Ljone, leiar i Ulvik Bonde- og Småbrukarlag, var ein soleklar vinnar av vervekonkurransen vi i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag hadde i haust. Og på landsmøtet til NBS i november vart det òg klart at han og Ulvik vann heile den nasjonale vervekonkurransen. Vi snakkar altså med ein norgesmeister i verving!

Har du gode vervetips å dela med oss?

- Dei fleste eg har verva driv ikkje gard sjølve, men dei sympatiserer med Bonde- og Småbrukarlaget. Dette er folk eg kjenner, og det er som regel lett å få dei som medlemmer. Når det gjeld folk innan landbruket er Bondelaget ein god hjelpar i vervearbeidet vårt, hehe. Ikkje mange faglag godtek eit talgrunnlag som aukar inntektsgapet eller som trugar yrkesbrør(systre) med trekk i overføringar dersom dei ikkje gjev

kyrne eit industriprodukt med ukjende skadeverknader (Bovaer, red. anm).

Kva tenkjer du om utviklinga medan du har vore leiar?

- Trur dette er fjerde eller femte gongen eg er leiar. Det er vel helst eit dårleg teikn. Vidare er det mest ikkje att mjølkebruk i bygda, og mykje meir vert drive som leigejord no, enn då eg vart leiar i Småbrukarlaget fyrste gongen.

Kva slags aktivitetar driv de med i lokallaget?

- Kan vel ikkje sei at me har vore veldig aktive, men i vår tok eg initiativ for å få på plass ei ordning med levering av landbruksplast. Her må me få til ei ordning for framtida. Dette gjeld naturlegvis over heile landet, og kanskje fylkeslaget kan hjelpe til her? Elles har me sendt høyringsvar på planane om fiskeoppdrett i Bruravika. Har elles vore litt aktiv med ymse avisinnlegg.

Har de begynt å leggja planar for vervepremien til lokallaget, som er 4000 kroner til eit valfritt arrangement samt 6000 kroner frå landslaget?

- Her må me få til noko saman med fylkeslaget. Me bør alliera oss med fagrørsla og naturvernørsla og få dei til å tala vår sak, og ikkje berre det, men og verta medlemmer.

POLITISK TURNÉ

MED TOR JACOB SOLBERG



I forkant av stortingsvalet 2025 inviterte Hordaland Bonde- og Småbrukarlag NBS-leiar Tor Jacob Solberg til rundreise kringom fylket. 25.-27. august fekk vi tre innhaldsrike og spanande dagar kor vi med ulike arrangement satte fokus på sjølvforsyning, beredskap og behova til vestlandsjordbruket.

I laupet av turnéen reiste vi frå Haugalandet i sør til Voss i nord og hadde totalt ni arrangement og aktivitetar i samarbeid med lokallaga.

Vi starta med ein tur til Sveio og lokallagsleiar Brit Oddrun Stuve, som i lag med mannen Helge Lien Reinertsen var vertskap for eit møte med tema "Korleis få meir lokalmat?". Til stor entusiasme for deltakarane starta vi med ei omvisning i den imponerende sjølvbergingshagen til Brit Oddrun og Helge, før vi gjekk inn og hadde ei samtale med ordføraren i Sveio, lokale politikarar og prosjektleiar for prosjektet Matregion Haugalandet. Tema som samarbeid mellom lokale produsentar og reglar for offentleg innkjøp av lokalmat vart nemnt. Deretter fekk vi deilig, heimelaga suppe på gardens ressursar.



Brit Oddrun og Helge viste oss rundt i hagen sin i Sveio.

Så gjekk turen vidare, og på vegen mot Etne sneia vi innom Rogaland og Tysvær for å ta eit stopp på garden kor Selia Harboe er oppvaksen. Her møtte vi elevar frå Tveit og Øksnevad vgs, som hadde tatt turen for å helse på Tor Jacob. Fylkesleiar Eldar Kylesø og sekretær Vivian Huglen deltok også. Selia ønskte velkomen, og etter ei samtale mellom Tor Jacob og ungdomane (akkompagnert av deilig råmelkspudding), viste Selia oss rundt og fortalte om planane ho legg for garden i framtida.



*Inger Haavik frå Matregion
Haugalandet heldt innleiing i Sveio.*



*Ungdomane lyttar medan Tor Jacob fortel
historia om korleis han starta som bonde.*



*Selia ønskte oss velkomen til
garden sin i Skjoldastraumen.*

På ettermiddagen kom vi fram til Etne og lokallagsleiar Tore Aga Silde sin gard. Her skulle kveldens politiske arrangement skje. I tillegg til Tor Jacob sat Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, ordfører Etne for SP, Per Jarle Valvatne, fylkestingsrepresentant for AP, Liv Kari Eskeland, stortingsrepresentant for Høgre og Jeanette Onarheim Syversen, fylkestingsrepresentant for Raudt i panelet. Fylkesleiar Mari var ordstyrar. Det vart ein god samtale og fleire spørsmål frå eit engasjert publikum før praten gjekk lystig etterpå.



*Fleire ungdomar deltok på
politisk arrangement i Etne
og utfordra panelet.*



*Tor Jacob i lag med fylkesleiar i
Rogaland Eldar Melbøe Kylesø.*

Hovudaktivitetar

Dag to starta med ein visitt til geitebonde Kristian Nordgård på Flåte gard i Etne. Her vart vi budd inn på kaffi, svele og ein god prat om landbrukspolitikk og ståa i geitemjølknæringa. Det var lærerikt og nyttig, og det er tydeleg at vi har mange kunnskapsrike og engasjerte folk i medlemsmassen vår!

Så reiste vi nordover og tok ferga over fjorden til småbrukar og lokalpolitikar Stein Olav Ølvesteit i Åkra. Her fekk vi omvisning på det typiske vestlandsbruket og prata om bruken av lokale ressursar og korleis landbrukspolitikken bør gjera det lønsamt å vera bonde enten garden er stor eller liten. Lokalavisa Grenda var med og skreiv ein fin artikkel.



Tor Jacob og geitebonde Kristian Nordgård i Etne.



I Åkra vart vi vist rundt av Stein Olav Ølvesteit og sonen Andreas



Utklipp frå artikkel i lokalavisa Grenda.

– Vi saknar at andre ser verdien i den jobben vi og gjer

På kvelden var det duka for politisk samtale i Rosendal. Denne kvelden hadde vi besøk i panelet av Thea Vaage, varaordførar i Kvinnherad for Ap, Øyvind Utne, lokalpolitikar for Høgre, Silje Nordtveit Olsen, lokalpolitikar for SV, Sigrid Brattabø Handegard, leiar i Fylkestingets næringsutval for SP og Terje Kollbotn, 2. kandidat til Stortinget for Raudt. Særleg sistnemnte serverte nokre landbrukspolitiske kraftsalver til stor glede for publikum.



Under pannelsamtala i Rosendal.

I Rosendal vart vi verande til dagen etter, og der fekk vi bu på den flotte garden til Øystein Eik med sjølvaste baroniet som nabo. Øystein sit som vara til fylkesstyret og er lokallagsstyremedlem i Kvam og Kvinnherad, og var med på arrangeringa av debatten og gardsbesøket denne dagen.

Dag tre starta med ein køyretur til Lofthus og politisk seminar om frukt og bær på Lofthus sideri (sjå side 46-47).



Etter seminaret fekk vi i reisefølget servert deilig lunsj heime i kårhuset til Arne Lofthus i lag med Thomas Harris og Johannes Rogdo frå lokallaget i Ullensvang. Her fortsatte praten om ståa for frukt og bær-næringa, moglegheitene innan ny lagringsteknologi og mykje anna. Tor Jacob fekk òg høvet til å smaka på årets aller første plomme.

Vel mette og i godt humør tok vi fatt på nest siste etappe på svingete veger til Ulvik og Undeland gard. Her driv Katinka Kilian og Grzegorz Kramar med grønsaks- og blomeproduksjon etter marknadshageprinsippet. Med dryge 10 år under beltet er dei blant dei mest erfarne marknadshageprodusentane i vårt fylke.



Marknadshagedrift er ein spanande måte å driva med matproduksjon på små areal, og det er ein driftsform som vil passa mange plassar i Hordaland der areala er små og mangesysleri er det mest naturlege. Det har kome til fleire nye marknadshageprodusentar i Hordaland etter at det har vore satsa på kursing og oppstartshjelp over fleire år.



Tor Jacob i hyggeleg prat med Marthe Hammer, Katinka Kilian og Gzregorz Kramar i blomedakeren på Undeland gard.

Hordaland Bonde- og Småbrukarlag har vore forkjempar for å få på plass eit eige driftstilskot til denne typen produksjon gjennom jordbrukstingingane, og på dette gardsbesøket hadde vi invitert SVs 1. kandidat Marthe Hammer og lokalavisa for å setja fokus på behovet for å støtta opp om marknadshagar som næring i eit beredskaps- og sjølvforsyningsperspektiv.

Siste køyretur gjekk til Voss, kor vi stoppa innom den lokale Reko-utleveringa og slo av ein prat med produsentane før vi drog til kveldens arrangement på Voss vandrarheim.



Vi køyrte tilfeldigvis forbi Reko-utleveringa på Voss, og stoppa for å slå av ein prat. Her snakkar Tor Jacob og Håvard med Hilde Lussand Selheim frå Selheim gard.

Her vart det ei samtale mellom Marthe Hammer frå SV, Linda Merkesdal, stortingsrepresentant for AP og Hege Eide Vik, ordførar i Vaksdal for SP. Debattantane frå Venstre og FrP uteblei denne kvelden, men det vart ei fin samtale likevel, og også her var det engasjement frå salen.

Etter arrangementet avslutta vi med hyggeleg prat med lokale medlemmar frå Voss og Ulvik og feira ein vellukka turné.



Lokallagsleiar i Voss Bonde- og Småbrukarlag og fylkesstyremedlem Nils Martin Seim ønskte velkomen under arrangementet på Voss.

Vi takkar Tor Jacob for å setja av tida til å vera med, og til alle vi fekk møta på turen! Vi vart veldig godt motteke og oppvarta over alt kor vi reiste, og det vart ei positiv oppleving for alle involverte. Det er første gong vi arrangerer noko slikt i fylket, men den gode erfaringa gjer at det kanskje ikkje vert den siste.



DI ANNONSE HER TIL NESTE ÅR?

Denne årsmeldinga går ut til
alle våre medlemmar.

Vil du ha ein plass i neste årsmelding?
Ta kontakt på hordaland@smabrukarlaget.no



Hordaland Bonde-
og Småbrukarlag



Voss
Rekneskap

Sammen tar vi vare på jorda, dyra og framtida

Felleskjøpet tilbyr deg de beste produktene og helhetlig rådgivning i alle deler av bondens drift. Fra maskin og redskap, driftsbygninger og fjøs, til fôr, plantevern, såvare, gjødsel og øvrige landbruksrekvisita.

Vi er tilgjengelige hele året, og er eneste totalleverandøren med skreddersydde produkter og tjenester til landbruket.



**BILREKLAME - FOLIERING
STAND OG MESSEMATERIELL
SKILT OG DEKOR FASADEDEKOR
KLISTREMERKERPRINT OG TRYKKSAKER
GRAFISK DESIGN - KLESTRYKK -
LOGO OG MERKEVAREBYGGING
MERKEVAREBYGGING - STEMPEL**


**GRAFISK HUS
TRYKKSERVICE**

Kvassnesvegen 58 - 5914 ISDALSTØ
Tlf. 56 35 22 50 - www.trykkservice.no
facebook: Garafisk-Hus - E-post: post@trykkservice.no

BERGEN STRUTSEFARM

EIN MANGFALDIG OASE LIKE VED BERGEN

Midt mellom boligfelt og skogstier i Fyllingsdalen finner du Bergen Strutsefarm, et av byens mest unike besøksmål. Her inviterer bonden Birte Larsen til nære møter med verdens største fugler og et yrende gårdsliv.

Siden oppstarten i 1998 har gården i Rosenlundveien utviklet seg til å bli en populær destinasjon for både store og små. Her kan besøkende kombinere frisk luft med spennende opplevelser, enten det er å studere strutsenes fascinerende adferd eller hilse på gårdens andre smådyr.



Læring og lek for hele familien
Strutsefarmen fungerer i dag som en viktig læringsarena og et samlingspunkt for lokalmiljøet. Med faste dager for "Åpen gård" kan barnefamilier nyte en rolig dag på landet, mens de mer eventyrlystne kan benytte seg av gårdens fasiliteter for paintball og teambuilding.

Med sitt brennende engasjement for dyrene og gårdsdriften, har Birte Larsen skapt en fargerik oase som gir bergenserne en smakebit av det eksotiske – bare en kort kjøretur fra sentrum.

INSPIRASJONSSAMLING FOR NYE OG FRAMTIDIGE BØNDER

26.-28. september inviterte Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, fylkeslagets ungdomsutval og det nasjonale ungdomsutvalet til inspirasjonssamling for unge og framtidige bønder på historiske Hotel Sandven i Norheimsund. Tema for samlinga var korleis ein kan finna alternative vegar til lønsemd i landbruket. Helga vart ein stor suksess som freistar til gjentakning!



Eli Gauden syner korleis ho mjølker geit for hand.

*Johan Kristian Milde,
ungdomsutvalet i HBS*

Eit førtitalls unge mellom 17 og 35 år samla seg til inspirasjon og fagleg påfyll i Norheimsund denne helga. Nokon hadde reist heilt frå Nordland og Troms.

Samlinga opna fredag med ein felles båttur til Fykkesund, ein trang fjordarm som strekker seg ein mil inn til den vegløse grenda Botnen. Undervegs fekk vi sjå spektakulær natur og gammalt kulturlandskap.



God stemning i fjosen under omvisning på Fjærabygda gardsdrift!

Laurdagens program starta med markvandring hos Eli Gauden i Norheimsund. Eli har sidan 2020 drive med økologiske grønnsakar, verpehøns og melkegeiter i hagen, og viste oss korleis ein kan driva eit mangfaldig bruk på lite plass, med fokus på sjølvberging og livskvalitet.

Turen gjekk vidare til Skummesalen på Mathuset, det tidlegare Tineysteriet i Øystese, kor vi fekk høyra eit foredrag med Eirik Aurlund Sæle fra Vadstølen Markedshage i Bergen. Eirik forpaktar eit jorde på et småbruk i Blomsterdalen som ikkje hadde vore i aktiv drift på 40 år, kor han no i to år har

produsert økologiske grønnsaker, ei drift han kombinerer med jobb som frilanser innanfor film og foto. Grønnsakene sel han til abonnentar som førehandsbetalar for sesongen. Eirik tok oss gjennom korleis han gjekk fram med å etablere seg og korleis ein kan få det til å bli økonomisk og arbeidsmessig berekraftig.

I Skummesalen fekk vi så servert burger med steikeost frå Hardanger Bygdeysteri, medan Torkel Hovland presenterte ysteriet og produksjonen. Ysteriet er eigd av 13 lokale gårdsbruk som gjekk saman og starta opp i 2019 då Tine avvikla produksjonen i meieriet i Øystese.

Turen gjekk vidare til gardsysteriet Fjærabygda Gardsdrift i Norheimsund, kor Georg Aarhus, Laila Melstveit Aarhus og sonen Kristian driv gårdsmeieri og sjølvbetjent butikk. Georg fortalte om drifta, erfaringer med direktesal, og ga råd til dei som skulle ønske å starta opp sjølv. Laila presenterte produksjonslokalene, og forklarte korleis meieriet fungerer, og Kristian viste fram lausdriftsfjøset og delte erfaringer om buskap, avl og arbeidsoppsett.

Sundagen starta med utflykt til Rebecca Smith og Olav Vik ved Heljetunet Gard, kor dei driv med økologisk og regenerativ produksjon av frukt og sau. Dei delte sine erfaringer med økologisk drift, fordeler og ulemper med direktesal, kva dei sjølv hadde ønska dei hadde visst før dei startet opp og mykje meir.

Helga vart avslutta med lunsj på Øvreviken pizzeria og ein presentasjon om fruktdyrking og siderproduksjon frå Eirik Nå Aga frå Store Naa Siderkompani.

Samlinga var støtta med midlar frå Vestland fylkeskommune, Gjensidige, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Sparebanken Norge.



Eirik Aurlund Sæle held foredrag i Skummesalen.



Slike gutar, det vil gamle Norge ha!

MØTER MED KRAFT I KOMPETANSEOVERFØRING MELLOM BØNDER

Med midlar frå Vestland Fylkeskommune har vi i fylkeslaget satt i gang eit pilotprosjekt i 2025-26 som vi har kalt KRAFT - Kompetanse, Rekruttering, Arbeidsplassar og Framtidstru. I januar, februar og mars vert det gjennomført tre møte rundt omkring i fylket med fokus på praktisk kompetanseoverføring og erfaringsdeling mellom bønder.



Brorparten av dei 195 000,- vi fekk bevilga til pilotprosjektet gjekk til å arrangera inspirasjonssamlinga for unge og framtidige bønder i Norheimsund, kor deltakarane fekk vera med på gardsbesøk og høyra foredrag frå ei rekke ulike innovative gardsbedrifter. Resten går til å stella i stand opne møter kor ulike inspirerende gardsbruk får dela om si drift, og kor ein som deltakar kan få svar på alle spørsmål ein har. Hensikta med møta er å visa fram eit mangfald av ulike driftsmåter og veger til lønsemd i landbruket.

Det første møtet handla om Inn på tunet og vart arrangert i Sveio 26.

januar, kor Straumøy gard delte om sine erfaringer med å utvikla eit tilbod med tilrettelagte bustader på garden i samarbeid med kommunen. Tidlegare fylkesleiar i HBS Leif Grutle og kona Anne delte si historie og sine råd i lag med den yngre generasjonen Viljar og Silje Marie Grutle. Ragna Flotve frå Statsforvaltaren prata litt om Inn på tunet generelt, dei ulike mogleheitene som finst innanfor dette og kva ein bør tenkja på når ein skal koma i gang.

Det er planlagt to møter til i pilotprosjektet, eitt med Een gard på Voss den 25. februar og eitt med Vestre Solheim Friluftsgard på Radøy 23. mars.

HARDANGER
FJORDFRUKT BA



Tlf. 40 03 48 80
www.fjordfrukt.no

Truleg det beste

Sortimentet til sau

Fiskå Mølle sitt førsortiment gir full dekning av protein, energi, vitamin og mineral.

- for livskraftige dyr med god tilvekst

TOPLAC® SAU • Gir auka mjølkeyting • Perfekt ved store kull/kort inneførsingsperiode etter lamming	TOPLAC® SAU FIBER • Gir betre vommiljø • Består av 75% TopLac Sau, 25% Roetopp	SAU/LAM APPETITT • Smakleg og fiberrik • Inneføring: "all-round"-fôr til alle dyr
SAUEFØR • Høgt proteininnhald gir god lammetilvekst • Beste val dersom inneføring etter lamming overstig 3 veker	SAUEFØR DREKTIG • Ekstra vitamin og mineral • Organisk selen og mykje vitamin E • 3-5 hekto dekkjer behovet	LAM BEITE • Svært fiberrikt fôr gir gode magar på beite • Perfekt i kraftfôrautomatar

FISKÅ MØLLE AS
Tlf. 51 74 33 00

FISKÅ MØLLE ETNE AS
Tlf. 53 77 13 77

FISKÅ MØLLE TRØNDELAG
Tlf. 73 85 90 60

FISKÅ MØLLE FLISA
Tlf. 62 95 54 44

Fiskå Mølle



Hvorfor skal jeg være eier av TINE-samvirket?

- Et samvirke som jobber for best mulig økonomisk resultat fra din melkeproduksjon.
- Trygg og forutsigbar avsetning av melka.
- Tilgang til verdifull kompetanse i alle deler av melkeproduksjonen.
- En gunstig startpakke som ny bruker.
- Et godt faglig og sosialt miljø i produsentlaget.
- Et samvirke som sikrer deg konkurransekraft og påvirkning videre i verdikjeden.



SAMMEN SKAPER VI ET LEVENDE NORGE
medlem.tine.no



GJENOPPLIVING AV OSTERØY LOKALLAG

Det vart eit triveleg og vellukka møte på Havråtunet på Osterøy 19. januar då fylkeslaget gjekk saman med Osterøy Bonde- og Småbrukarlag om å arrangera møte for å gjenoppliva laget. Kring 20 stykk møtte opp og eit nytt styre vart valt.



Lokallagsleiar Øystein Hole ønskte velkomen til ein kjekk kveld på Havråtunet.

Både eksisterande medlemmar og andre nysgjerrige deltokn for å verta kjent med organisasjonen og snakka om kva ein har lyst til å få til på Osterøy. Det er tydeleg at det er fleire som ynskjer eit aktivt NBS-miljø med sosiale og faglege møteplassar.

Lokallagsleiar Øystein Hole ynskta velkomen og Marit frå Havrå heldt eit inspirerande innlegg om dette historiske klyngetunet som no er eit levande museum.

Deretter var det innlegg frå fylkesleiar Mari Austvoll Gjengedal og fylkessekretær Åse-Marie Reisæter, og eit foredrag frå Dag Kyrrre Lygre og Andreas Gjerstad frå Midthordland Bonde- og Småbrukarlag med mange tips og erfaringar frå korleis dei sjølv starta opp med ny aktivitet i laget for nokre år sidan.

Deltakarane fekk deilig fiskesuppe, kaffi og kake medan vi prata om

moglegheitene framover. Lars Mjøs, som har vore lokallagssekretær sidan oppstarten av laget heilt sidan starten av 80-talet (!), møtte opp med lokallagspermen og kunne by på historisk perspektiv.

Møtet vart avslutta med attval av leiar Øystein Hole og val av to splitter nye styremedlemmar: Kamilla og Kristian Stokkevåg Haaland. Vi gratulerer så mykje og gler oss til å bidra med god støtte det kommande året!



Dag Kyrrre og Veronica Lygre frå Midthordland Bonde- og Småbrukarlag var med, med lokallagsleiar Andreas Gjerstad bak.

HMS-VANDRING PÅ OMA

14.mai arrangerte me HMS-vandring på garden Åse på Oma. Med oss hadde me Øystein Tholo frå NLR.

Garden var svært ryddig og velstelt med gode og gjennomtenkte løysingar. Det var likevel ein nyttig gjennomgang, der ulike problemstillingar og løysingar vart diskutert. Øystein hadde mange nyttige tips og historiar som gjorde oss

merksame på ting me kanskje ikkje alltid tenkjer på i ein travel kvardag.

Nortura spanderte pølser, og me koste oss med grilling, kaker og kaffi. Det blåste kaldt denne kvelden, men me 15 som deltok hadde ein triveleg og nyttig kveld. Me skulle likevel ynskt oss at fleire hadde vore med.



Øystein Tholo frå NLR pratar og engasjerte dei som hadde møtt opp på HMS-vandring.

BONDENS MARKNAD I ØYSTESE

10.mai hadde Hordaland BS i lag med Kvinnherad og Kvam BS stand på Bondens marked. Bondelaget og Felleskjøpet var der også.



Tone Søndmør, medlem i Kvinnherad og Kvam BS, selde urteplanter.



Her har me, Håvard og Åse-Marie, fått besøk av ein hyggeleg kollega frå Austlandet

MENING, MAT OG MOT

BIOSFÆREDAGEN I KNARVIK

På den årlege Biosfæredagen i Knarvik inviterte ei samling av lag og organisasjonar til «Meining, mat og mot»-møte. Hordaland Bonde- og Småbrukarlag var med som medarrangør og hadde stand.

Ca. 400 interesserte møtte opp for å høyre dei mange innsloga frå scena. Initiativtakar til Mening, mat og mot, Edel Urstad, fortalde

om sitt engasjement for norsk mat og beredskap. Deretter kom det interessante innlegg på rekke og rad, mellom anna frå Anders Norstad og Robert Mood.

Dennis Asbjørnsen må også nemnast, ein ung entusiasastisk grønsakdyrkar. Han fekk oss til å forstå kor lite som skal til for at me skal få til å dyrke mat til oss sjølve.



Hordaland og Radøy sin stand under Mening, mat og mot! Her står Oddvar Stang, lokallagsleiar i Radøy, Jarle Helland frå Radøy og vara til fylkesstyret, Åse-Marie Reisæter, fylkessekretær og Mari Austvoll Gjengedal, fylkesleiar.



Det var stor interesse og full sal under arrangementet. Her pratar Anders Nordstad.



Eit forrykande kunstnerisk innslag satte tonen for kvelden.

1. MAI I ODDA

*Johannes Rogdo,
leiar Ullensvang Bonde- og Småbrukarlag*

Ullensvang Bonde- og Småbrukarlag er trufast deltakar på 1. mai-markeringa i Odda, med appell og parole.

Arne Lofthus var på talarstolen denne gongen, med eit svært aktuelt budskap. Han tok opp mellom anna beredskap, arealutnytting, daglegvarebransjen, bygdepolitikk og at nye og unge bønder må få sleppa til i marknaden.

Energiminister Terje Aasland svarte appellen til Arne i talen sin: "Mindre gårdsbruk i Hardanger er Norge!"

Eit flott program som vart godt gjennomført av 1. mai-komiteen! Vår parole var: God beredskap = norsk matproduksjon.



Arne Lofthus på talarstolen.



Ullensvang Bonde- og Småbrukarlag i 1. mai-tog.
Leiar Johannes Rogdo og Arne Lofthus i front.

Hordaland Nei til EU



ønskjer Hordaland Bonde- og Småbrukarlag
lukke til med årsmøtet og med det viktige
arbeidet laget gjer for norsk landbruk.

Hordaland NtEU arbeider for eit EU-fritt Norge
og for å erstatta EØS-avtalen med ein
likeverdig avtale som ikkje fører med seg tap
av folkestyre og sjølvrådet.

Me håpar at mange i Bonde- og Småbrukarlaget
støttar denne kampen, og me inviterer til
medlemskap i organisasjonen vår.

Me ser fram til eit godt
samarbeid i åra som kjem.



www.neitileu.no

ÅRSMØTER I LOKALLAGA

Årsmøta i lokallaga er svært viktige fordi det er her alle medlemmar i laget kan vera med og påvirke korleis laget skal styrast det kommande året.

For å ha eit godt medlemsdemokrati er det difor viktig at årsmøta vert godt gjennomført og har høg deltaking. I tillegg er årsmøta eit godt høve for oss i fylkeslaget til å få eit inntrykk av kva som skjer lokalt, og til å bli betre kjent med dei ulike laga. Difor har det vore ønskeleg for oss å reisa rundt å delta på så mange lokallagsårsmøter vi har kapasitet til.

I år har vi vore med på årsmøta i Sveio, Ulvik, Sotra og Øygarden, og Midthordland, samt gjenopplivingsmøte på Osterøy. Når denne årsmeldinga går i trykken vert det óg planlagt besøk til Masfjorden, Tysnes og Stord og Bømlo. Det er kjekt å sjå oppslutnaden om årsmøta i dei ulike lokallaga, og det store mangfaldet blant laga våre!



Sveio: Brit Oddrun Stuve (foran) vart gjevvalt som lokallagsleiar. Med seg har ho (fr.v.): Svein Magnus Tveit, Kristine Reiersen og varene Arild Høyland, Sara Klingsheim og Leif Grutle. Styremedlemmane Jon Bergmål og Kari Sævik er ikkje på biletet.



God stemning på årsmøtet i Midthordland, som i år hadde årsmøte hjå fylkesstyremedlem Tina Bøe Buer i Os. Tina bød på deilig, heimelaga middag. Her er ho i lag med fylkesstyremedlem Knut C. Milde.



Sotra og Øygarden Bonde- og Småbrukarlag arrangerte sitt årsmøte i Sartor Skyttarlag sine lokaler på Fjell. Mari og Birte frå fylkesstyret deltok, og det vart ein god prat om landbrukspolitik. Leiar Svein Misje tok attval.

TOTALBEREDSKAPSDAGEN I KNARVIK

Hvert år arrangerer Nordhordland Forsvarsforening Totalberedskapsdagen i Knarvik, hvor ulike nøkkelaktører innen norsk beredskap deltar og folk inviteres til å lære kva som skal til for å være forbered på store og små kriser. Hordaland og Radøy Bonde- og Småbrukarlag deltok da arrangementet gikk av stabelen 1. november i Knarvik Amfi.

*Birte Larsen,
styremedlem og kyllingmamma*

Totalberedskapsdagen i Knarvik har etterhvert blitt et årlig arrangement der alle nødetater og andre lag/organisasjoner deltar. Bonde- og Småbrukarlag var et av dem.

I år var det leder i Radøy Bonde- og Småbrukarlag Oddvar Stang, Jarle Helland fra Radøy og fylkesstyret, Birte Larsen fra fylkesstyret og et bur med 2 uker gamle kyllinger som sto på stand på Knarvik senter.

I en tid der verden er i ubalanse, er dette arrangementet viktigere enn noen gang. Matberedskap er viktig i denne sammenheng og det var det vi var utsendt for å snakke om.

Kyllingene ble et fint trekkplaster. Vi hadde barn, foreldre og besteforeldre på vår stand hele dagen. Jeg (Birte) snakket mye med de voksne som hadde barn med seg om "Høner i hagen", mens Oddvar og Jarle snakket politikk og beredskap med sine sambygdinger.

Gjennomgangstemaet var hvordan vi skal klare å produsere nok mat her til



lands hvis også vi blir rammet av en krise. Det virket som om folk generelt tar det mer på alvor nå enn tidligere. I hvert fall ble det mange gode samtaler med både unge og gamle.

På en slik dag var det ikke meningen å komme frem til så mange løsninger, men heller gjøre folk oppmerksom på hvor lang tid det tar å produsere mat. Og ikke minst hva vi kan produsere her til lands både når det gjelder kjøtt, frukt og grønnsaker. Viktig var det også å påpeke at vi MÅ produsere mat i hele landet.

En kjekk dag med stor oppslutning til arrangementet.



VOSS

Landbruksrekneskap

- komplett, enkelt i bruk, Altinn
- svært gode tilbakemeldingar
- innarbeidd gjennom tre tiår
- kompetent brukarstøtte

Kr **2740** pr. år/ brukar

Krav: Excel 2010 eller nyare

Landbruksdata
VOSS as

Tlf. 56 52 98 55 - www.landbruksdata.no



Nær bonden

med uavhengig rådgiving

Norsk Landbruksrådgiving SA | nlr.no | nlr@nlr.no | 99 12 40 00

 **NLR**

SLAKTEKURS I MIDTHORDLAND

Slaktekurser til Midthordland Bonde- og Småbrukarlag har no blitt ein årleg tradisjon, og i år arrangerte laget ikkje berre kurs i heimeslakt av småfe, men også gris.

Begge kursa fann stad på Lygre Livsgard i Fusa, kor Dag Kyrre og Veronica Lygre var vertskap og Gaute Røslund var kurshaldar.

Véret var fint begge helgene, og praten gjekk livleg om bruk av blod, snyltarar hos småfe (vi fekk sjå leverikter i to av leverane) og mykje anna. På grisekurset fekk deltakarane prøva både flåing,

skolding og sviing med propanbrennar.

Når dyra var slakta fekk deltakarane varme seg inne på nydeleg, heimelaga suppe, med nybaka brød og vaflar til dessert.

Midthordland er eit aktivt lag som har mange aktivitetar som kan vera til inspirasjon for andre. Du kan sjå kommande og tidlegare aktivitetar på Facebooksida deira Midthordland Bonde- og Småbrukarlag.

Alle foto: Veronica Lygre.





= U =

UTESERVICE AS

TREFELLING AV UTFORDRENDE TRÆR

TRYGVE@UTESERVICE.NO
TLF: 97642292



Vi hjelper deg til enda bedre resultater!
Ta kontakt med oss for en hyggelig
prat om våre konkurransedyktige
priser og vilkår.



DEMONSTRASJON PÅ SP-LANDSMØTET I HAUGESUND



I forkant av jordbrukstingingane 2025 mobiliserte fylkeslaga i Rogaland og Hordaland til demonstrasjon under landsmøtet til Senterpartiet i Haugesund 28. mars. Der markerte vi motstanden vår mot at SP gjekk inn for uærlige tal og eit talgrunnlag som i praksis aldri vil jamstilla bonden. Med plakatar og banner ga vi tydeleg uttrykk for meiningane våre rett utanfor vindaugene der delegatane sat og åt lunsj.

SP gjekk til val på å innfri krava frå bondeopprøret om at bonden si inntekt skal målast på ei fagleg riktig måte. Under demonstrasjonen viste vi vår skuffelse over at dei valte å gå vekk frå dette løftet når dei sat i regjering med AP. Framlegget, som vart vedteken i stortinget seinare på våren, inneber som vi veit at bonden i realiteten framleis vil tena fleire hundre tusen mindre enn lærarar og sjukepleiarar den dagen han på papiert er "jamstilt".

Kampen for rettferd for bonden er altså på langt nær over.

Det vart likevel ein god demonstrasjon kor vi kom i prat med mange SP-delegatar som ville prata med oss. Vi fekk godt med oppslag i media. Frå fylkesstyret deltok Mari, Håvard og Nils Martin.



JORDBRUKSFORHANDLINGENE HORDALANDS INNSPILL I 2025

Foruten hovedsakene om økt lønnsomhet og ærlige tall, som må ligge til grunn for alt annet, har vi noen hovedsaker som er særlig viktig for oss i Hordaland:

1. Teigbasert tilskudd og framtiden til Vestlandsbonden

Det å drive jordbruk i bratte bakker og på marginale arealer i Hordaland er en helt annen verden enn å drive på flate marker på Østlandet, Rogaland eller Trøndelag. Vestlandsbonden har langt flere driftsulempere enn de fleste andre regioner, med mindre eiendomstørrelser, mindre teiger, brattere terreng, mer nedbør, mye utmark og vanskeligere grøtteforhold. Det vil si at noe som krever én tidsenhet å produsere på gode arealer, kan ta det mangedobbelte mange steder i Hordaland. Dagens tilskuddssystem klarer ikke å ta høyde for disse forskjellene. Konsekvensen er at i strukturrasjonaliseringen står hele Hordaland i fare for å rasjonaliseres vekk.

Å få på plass et dugelig teigbasert tilskudd må være en prioritet for hele Norge, men er særlig viktig for oss. Dette er en løsning som på en smidig måte kan ta høyde for driftsulempere, og som kan inkorporere flere andre tilskudd i ett helhetlig system.

NBS må presse på for å få et teigbasert tilskudd på plass så fort som mulig, og sørge for at innretningen på tilskuddet blir riktig og rettferdig. Tilskuddene må gå fra de gode arealene til de

mindre gode arealene for å sørge for at det blir lønnsomt å produsere mat på alle arealer, og kompensere for driftsulempene det medfører å drive matproduksjon i ulike geografiske områder.

2. Sau og geit

Småfæneringene er svært viktig for oss i Hordaland. Det er en viktig rekrutteringsarena for nye bønder, og det er den viktigste måten vi kan utnytte skrinne og spredte gras- og biteressurser på innmark og utmark.

- Vi mener det er på tide å få et soneinndelingstilskudd på sau. Det er det eneste husdyret som ikke har dette. For å beholde sauene i Hordaland og ikke fortsette å konsentrere beitedyrene til de beste innmarksbeiteområdene i Rogaland og andre steder av landet, er det på tide med en tydeligere geografisk struktur på produksjonen.

- Flere tar til orde for å ikke gi kvalitetstilskudd på lam på 13 kilo. Dette advarer vi mot, da en slik innretning vil stimulere til mer kraftfôrbruk og mindre mangfold. Tilskuddssystemet må belønne at man bruker egne ressurser og raser som er best egnet til de ressursene man har. På mange av våre arealer er det gamle raser som er best egnet. De nyttiggjør seg ressursene og kan effektivt omdanne dem til kjøtt, selv om hvert enkelt dyr ikke er så stort.

- Tidligere har vi spilt inn at vi ikke

ønsker beitetilskudd på fulldyrka og overflatedyrka mark. En slik regelendring ser vi at kan være vanskelig å håndtere i praksis, og ideelt sett skulle vi helst sett at beitetilskudd kun gjaldt på utmarksbeite, mens et teigbasert tilskudd på en bedre måte kan fange opp driftsulemper og stimulere til best egnet bruk av innmarksbeite, fulldyrka og overflatedyrka mark. Fram til et teigbasert tilskudd er på plass, anbefaler vi å ikke endre dagens system.

- For å øke lønnsomheten og statusen til utmarksbeite, foreslår vi å bruke kvalitetstilskuddet på småfe til et pristilskudd på slakt fra dyr som kommer rett fra utmarksbeite. Dette må bli merket helt ut til butikk. Kan også utvides til storfe, evt. utegris. Som et kontrollsystem må organisert beitebruk kunne brukes, iallefall i starten.

3. Melk og løsdrift

Vi står i fare for å miste veldig mange bønder gjennom løsdriftskravet. Det er viktig å fortsette å kjempe for at krav om løsdrift bare skal gjelde ved nybygg, og være kompromissløs på budskapet om at vi ikke har flere melkebønder å miste. Vi kan ikke sentralisere melkeproduksjonen vår mer. Melkebøndene er allerede altfor store og har vokst langt utover ressursgrunnlaget sitt. Lønnsomheten i melkeproduksjonen må opp slik at en har råd til å investere i nye fjøs og legge om til løsdrift.

4. Prisnedskriving på kraftfôr

Å kraftig redusere prisnedskriving på kraftfôr er fremdeles en av de viktigste enkeltsakene vi må presse på for å få norske arealer til å bli mer lønnsomme.

Mange aktører, særlig i distriktene, hevder at det er helt avgjørende å ha prisnedskriving for å holde liv i distriktslandbruket. Nå har vi økt og økt nedskrivingen, og landbruket har bare fortsatt å bli avviklet. For oss i Hordaland skulle prisnedskrivingen bidra til å holde liv i distriktsgrisen og distrikskyllingen. Dette har feilet totalt, og det er nå nesten ikke noen produsenter igjen i vårt fylke. PNS har kun bidratt til ytterligere sentralisering. Det fins ikke noe hold i påstanden om at PNS er viktig for oss – snarere bidrar det til å stimulere til økt kraftfôrbruk og mindre bruk av egne ressurser. Vi har gjennom fagmøtene som har vært, foreløpig ikke fått noen overbevisende gode argumenter for hvorfor prisnedskrivingen ikke kan fjernes helt, men i fall disse argumentene finnes, må det i minste PNS kunne reduseres fra 2 mrd til rundt 500 millioner.

5. Styrking av velferd og fritid

Hvis nye, unge bønder skal ha lyst til å komme inn i næringen, må det bedre ordnigner på plass som gjør at bønder sikres vilkår på linje med folk flest. Velferds- og fritidsordningene i landbruket må bli drastisk bedre. For oss i Hordaland er det deltidsbonden og mangesysleren som er det naturlige sett ut fra gårdens ressursgrunnlag, og når man har en deltidsinntekt fra landbruket står man ofte svært dårlig stilt og taper økonomisk. NBS må fortsette å kjempe for bedre ordninger, og de må gjelde for alle bønder uansett størrelse.

6. IBU-midler

Disse midlene er selve kjernen i styringen av utviklingen vi har sett i mange tiår, med mangedobling av produksjonene. Det må komme endringer og arealkrav er kanskje

det viktigste. Og investeringene må ha et annet formål enn å bare øke produksjonen.

7. Grøftetilskudd

Et styrket grønftetilskudd med geografisk sensitivitet har vi spilt inn før, og dette er fortsatt like viktig. Det er enormt store forskjeller i utgifter til grønftetilskudd på vestlandsk myrjord og små teiger kontra veldrenert morenejord og store teiger på østlandet. I framtiden kan kostnadene ved å grønfte og vedlikeholde ulike typer arealer inkorporeres i et teigbasert tilskudd. Fram til det skjer, må

grønftetilskuddet økes, det må utbetales en høyere andel av kostnadene, og tilskuddet må basere seg på relle kostnadsoverslag. Eventuelt bør tilskuddet soneinndeles.

8. Markedshagetilskudd

En stor andel av landets markedshageprodusenter holder til i Hordaland, og det å få på plass et eget driftstilskudd for markedshager er viktig for oss. Vi støtter opp om det gode innspillet som er sendt til NBS fra produsentnettverket for markedshageprodusenter i Vestland.



En lønnsom partner!

 **Felleskjøpet**
Rogaland Agder — siden 1899

 **Bonde Kompaniet**

bedrift.bondekompaniet.no
Telefon 994 30 640



ULLENSVANG
FRUKTLAGER



Transport
Kranarbeid
Singel og sand
Siloballar
Halm
Containerutleige



glynt.no

JAN MO A.S

56 55 59 22 | janmo.no

FRUKT OG BÆR

POLITIKARSEMINAR I ULLENSVANG

I høve fylkesturneen med Tor Jacob Solberg inviterte fylket og Ullensvang Bonde- og Småbrukarlag til politisk seminar om frukt og bær på Lofthus i Hardanger. Politikarar frå fylkestinget og kommunen var invitert, og det vart ei god samtale om situasjonen i næringa og kva for tiltak ein treng for å sikra ei god utvikling framover.

Seminaret handla om kva som kan gjerast for å behalda vår posisjon i norsk frukt- og bærproduksjon. Som faglag er vi oppteken av å sikra ein fortsatt sterk og framtidsretta næring for frukt og bær i Hordaland. Vi er særleg bekymra for at fylket vårt taper marknadsandelar til fordel for storskala fryktdyrkarar i Telemark, og at det kan verta ein høg terskel for unge å komma inn i næringa



på grunn av marknadssituasjonen og stopp for investeringsmidlar.

Seminaret vart halde i lokala til Lofthus sideri. Sideriet er starta av fire vener med kvar sin fruktgard i området. Saman lagar dei knakande god most og sider som vi fekk smaka. Medeigar Ivar Eidnes ga oss eit godt innlegg om sideriet og kva han ser som politisk viktig for frukt- og bærprodusentane i området. Han gav oss òg ein rundtur i eplefelta i bakkane over gardsutsalet for vi starta.

Det vart også innlegg frå politisk nestleiar Anton Langeland og røynd fruktdyrkar og NBS-medlem Arne Lofthus. Thomas Harris, som jobbar ved NIBIO Ullensvang og òg er med i lokallagsstyret, ga nyttige kommentarar frå forskingssida.

Deretter vart det ei god samtale som ga nye innsikter for dei fleste. Tor Jacob



vart engasjert over å sjå korleis Hardanger-bøndene klarer å dyrka førsteklasses frukt i bratte bakkar og på små teiger, og stilte mange spørsmål om dei lokale tilhøva.

Lærdomene frå denne føremiddagen var mange, og nokre av hovudpunkta vi sat igjen med var desse:

For det første må tilgongen til norske eple gjerast noko med. Slik tollvernet er no, er det kun tollbeskyttelse for epla våre frå august til desember. Dette er altfor dårleg når vi veit vi har teknologi til å lagra og eta norske eple nesten heile året. Å gå frå kronetoll til prosenttoll, slik vi har eit handlingsrom for i WTO-avtala, vil kunne vera viktig for å sikra betre konkurransevilkår for norske eple.

For det andre gjev det ikkje meining frå eit sjølvforsyningsperspektiv å nytta kornjord på Austlandet til å dyrka frukt, slik det vert gjort i dag. Politikken og tilskota må stimulera til at vi nyttar areala slik dei eignar seg best, og det vil seia å fokusera fruktproduksjonen i Hardanger. Her er både teigbasert tilskot og tak på tilskot viktige saker.

Ikkje minst: Sjølv om norsk sider har vorte ei suksesshistorie, må vi halda på prinsippet om at føremålet med jordbruket fyrst og fremst er å produsera mat. Politikken bør primært stimulera til produksjon av gode mateple, noko som også vil gi god siderkvalitet når ein nyttar dei epla som ikkje er gode nok for konsum. Ei slik tosidig produksjon er berekraft og ressursutnytting i praksis.

I etterkant av seminaret jobba Ullensvang og fylkeslaget saman om å laga eit kort notat om dei viktigaste politiske prioriteringssakene vi meiner må på plass for å sikra næringa. Dette notatet vart sendt til NBS og til politikarane i fylkestinget sitt næringsutval.



Arne Lofthus snakka om utfordringer og moglegheiter for næringa.



Tor Jacob Solberg, Anton Langeland og Håvard Holt fekk ei omvisning i eplebakkane på Lofthus.



ARBEIDET I BEITEGRUPPA

Beitegruppa har holdt 5 møter i 2025. Alle på teams. Dette er en god arena for informasjonsdeling mellom aktører i beitenæring og forvaltningen. Hordaland Bonde- og Småbrukarlag har deltatt og kommet med innspill fra vårt ståsted.

Tema som har vært tatt opp er blant annet:

Båndtvangskampanje, opprettholdelse av antall sauebruk i Vestland, innspill til jorbruksforhandlingene, orienteringer om rovdyrsituasjonen, slaktestatistikker for sau og beiterestriksjoner blant annet på Hardangervidda.

Beitenæringen er under press fra ulike hold, inkludert annen bruk av arealer, jakt- og friluftsinnteresser og rovdyr.

Det er viktig at HBS er representert i beitegruppa for å gi våre innspill til ivaretaking av en viktig ressurs, særlig med tanke på matberedskap.

*Knut Conrad Milde,
styremedlem*

INNLEGG I MEDIA

Mediearbeid har ikkje blitt høgst prioritert i 2025, men vi har likevel hatt nokre gode oppslag i lokal og riksdekkande presse.

Fylkesleiar har hatt fem kronikkar og lesarinlegg publisert i Nationen og Klassekampen. Fire av dei var publisert både på nett og papir, og vart skrive i forbindelse med jordbrukstingingane og kampen for å få på plass ærlege tal i Stortinget våren 2025. Eitt innlegg utfordra SP spesifikt på ærlege tal, og kom som etterspelt til demonstrasjonen i Hagesund, og eitt handla om saka

generelt. Eitt handla om tilskot til marknadshagar, som vi har tatt til orde for i Hordaland, og det siste, som vart hovudkronikk i Klassekampen, handla om korleis dagens avtaleinstitutt bondefanger næringa og feiler i å levera beredskap og sjølvforsyning.

Det siste vart publisert i Nationen i desember, og her utfordra Mari Arbeiderpartiet og Senterpartiet på kvifor dei ikkje hadde sagt ja til å fjerna samordningsregelen etter at Rødt, SV og MDG hadde hatt dette som krav i statsbudsjettforhandlingane.

Kronikk & debatt



OVERHØRT

»De store spørsmålene tarner seg opp. For eksempel: Hvor mange dukker trenger man egentlig?

Christina Pletten i Aftenposten

»Jeg mener ikke, at det er en feil, at forskere fra april i år har kunnet søge adgang til Joan Didion og John Gregory Dunnes arkiv i New York, herunder de 150 sider om hendes terapiforløb. Men hvis man gør sig den umage at læse de tekster, hun efterlod, så fremstår forfatterens anvendelse utvetydig. Disse noter burde ikke være udkommet i bogform.

Kathrine Tschernersky i Weekendavisen

»Ønsker vi virkelig et arbeidsliv der frivillig fagorganisering er blitt en tvungen inngangsbillett for å få jobbe slik man vil? Ønsker vi at arbeidstakere skal presses til å finansiere en bevegelse som åpent vil knuse deres egne politiske verdier?

Are Oxholm i Nettavisen

»Få ting kan irettesette insomnia med samme kraft som historiens misere. Husk på: Før i tiden ble råttne jeksler trukket med tungen til din lokale smed. Før i tiden gjorde man sitt fornedne i «bøtten» og helte det ut gjennom «vinduet». Gjærne uten forvarsel til forbi-passerende, lykkelige ulvende om den bakterielle nedbøren. Før i tiden ville jeg antageligvis allerede vært oldemor i en alder av 35.

Karima Furuseth i Morgenbladet

DELTA I DEBATTEN

Ønsker du å bidra til debatten? Vi har flere filer i avisa for innsendte tekster.
debatt@klassekampen.no

Kronikk: Opptil 5000 tegn med mellomrom.

Hovedinnlegg: Opptil 4000 tegn.

Debattinnlegg: Rundt 2500 tegn.

Replikk/kort innlegg: Rundt 1000 tegn.

Redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte innlegg. Innsenderens epostadresse inkluderes, med mindre man reserverer seg mot dette. Klassekampen honorerer normalt ikke innsendt stoff. Vi trykker kun innlegg som sendes elektronisk til oss. All som trykkes i papiravis, publiseres også på Klassekampen.no.



KRONIKK

Skal du være bonde i Norge, må du gi avkall på det meste og forvente enda mindre. Det er visst slik det skal være.

Bondedrommen

Arets jordbruksforhandlinger er avsluttet, og staten og Norges Bondelag har inngått en

avtale på 1,1 milliarder. Jordbrukets felles krav var på 2 milliarder, noe mange har ment at ikke var tilstrekkelig. På tross av Stortingets store mål om 50 prosent selvforsyning, mer økologisk mat og en satsing på Nord-Norge, ble altså fasiten at regjeringen kun var villig til å betale halvparten av det absolutte minimumet. Enda flere bønder kan med dette konkludere med at det ikke fins en framtid i næringen.

I år fulgte jeg ikke jordbruksforhandlingene mens jeg sto utslitt i fjøset og stelte nyfødte lam eller jobbet i markedshagen med å få plantene i jorden. I år fulgte jeg forhandlingene fra en solfylt strand ved Middelhavet. Jeg var nemlig på ferie. At jeg var der, var mulig av én enkelt grunn: Jeg er ikke lenger bonde. I mars ble jeg en del av den grelle statistikken og er nå et eksempel på den absolutt største gruppen bønder: De som har sluttet. Plutselig har jeg både tid og råd til å ta fri. I løpet av årene vi var bønder, var den lengste ferien jeg og min mann kunne bevilge oss sammen, en tredagers bryllupsreise på en hytte vi var så heldige å få låne gratis.

Bønder legger ned driften hver dag, og flere vil det bli. Jeg syns ikke synd på dem som slutter. De fleste får en langt mer behagelig hverdag med høyere lønn, mindre sliterarbeid, ryddigere arbeidsforhold og mulighet for sykemelding og ferie. De slipper å få magesår av stress, eller ligge våkne om natten fordi de er bekymret for økonomien og tap av gård og grunn. De får tid til å være med familien og dra på konfirmasjoner og bursdagsfeiringer. Kanskje unngår de å bli minstepensjonister. Rett og slett får de det andre folk anser som et helt normalt liv. Jeg er glad på deres vegne. Men jeg blir desto mer bekymret på samfunnets vegne. For et land med en selvforsyningsgrad på under

40 prosent har ikke råd til å miste flere bønder.

Det er smått surrealistisk å høre Jonas Gahr Støre snakke om viktigheten av forsvar og beredskap samtidig som han ufortrødent fortsetter å svekke samfunnets aller viktigste bærebjelke. I rike, sosialdemokratiske Norge er brorparten av bondene representanter for samfunnets siste underklasse, med arbeidsvilkår og inntekt som aldri ville vært akseptert i fagbevegelsen. Arbeiderpartiregjeringen viste med årets skambud at de aldri egentlig

mente alvor med å jamstille bonden med vanlige folk, og at målet om økt selvforsyning kun var et luftsloft. Alle skal med, bortsett fra de som produserer mat.

De årlige jordbruksforhandlingene følger et forutsigbart mønster: Bondene legger fram et felles krav om penger og fordeling. Staten sier uten unntak at kravet er altfor høyt, og legger deretter fram et tilbud som ligger på omtrent halvparten av det jordbruket krever. Deretter forhandles det. Eller retttere sagt



ENDELIG FRI: I år fulgte jeg for aller første gang jordbruksforhandlingene fra en solfylt strand

«Et land med en selvforsyningsgrad på under 40 prosent har ikke råd til å miste flere bønder»

«forhandles». For i motsetning til vanlige lønnsforhandlinger, der de fagorganiserte har mulighet til å streike og sette makt bak kravene sine, har bondene ingen slike verktøy. Det fins ingen sanksjonsmuligheter og ingen meklingsordning. I praksis må de enten bare godta det staten kommer med, eller bryte forhandlingene. Da er korymnen at Stortinget lar statens tilbud seile gjennom politisk behandling med få eller ingen endringer. I alle tilfeller ender jordbruket opp som taper. Med forhandlinger kan de kanskje bidra til at nedleggingstakten i landbruket går litt saktere enn den ellers ville gjort, men samtidig bidrar de med signaturen sin til å legitimere den gjeldende jordbrukspolitikken. De blir nyttige idioter for nedleggingskvernen.

Dynamikken i landbrukspolitikken er slik at vi hvert eneste år er vitne til at den til enhver tid sittende regjeringen fører oss lenger bort fra å oppfylle Stortingets overordnede mål om selvforsyning og landbruk i hele landet, uten at de blir ansvarliggjort. Det går ut over oss alle. Det har nå gått så langt at hele 99,3 prosent av oss ikke produserer mat. Vi er avhengige av at en bittelen minoritet oppfyller dette samfunnsoppdraget på vegne av oss alle. Disse tar – med rette – i stadig større grad konsekvensen av dagens

politikk og slutter. Hvem skal ta ansvar for at dette smug

Det burde ikke være bondenes ansvar å sørge for at regjeringen følger Stortingets egen politikk. Det burde ikke være 0,7 prosent av befolkningen sin jobb å kjempe for at matberedskapen vår øker i en verden som raskt beveger seg nærmere sammenbruddet. Det burde være din jobb og min jobb. De 99,3 prosentene. Og ikke minst burde det være jobben til dem vi velger til å styre landet for oss. For det spiller ingen rolle hvor bra politikken ser ut på papiret. Hvis fasiten fremdeles er at bondene blir færre og selvforsyningen blir dårligere, blir alt annet underordnet.

Jeg håper stortingspolitikkerne husker hvem sitt ansvar det er å sikre landets matberedskap når årets jordbruksavtale kommer til dem for endelig behandling. For jeg vet ikke med deg, men når apokalypsen kommer vil i hvert fall jeg ha flest mulig bønder rundt meg.

Mari Austvoll
Gjengedal

Fylkesleder i Hordaland
Bonde- og Småbrukarlaget
mari.gjengedal@gmail.com



LOKALPRESSE

Vi fekk også fleire fine oppslag i lokalavisa i høve den politiske turneen vår i august, då vi inviterte lokalaviser til å koma å dekkja dei fleste arrangementa på turneen.

Eit av oppslaga var ein flott artikkel i Avisa Hordaland (under), kor Bonde- og Småbrukarlaget tok med SVs førstekandidat i Hordaland Marthe Hammer på vitjing til marknadshagen Undeland i Ulvik.

Hordaland



ULVIK

Lyfta utfordringar kring landbruket: – Kjem til å jobba knallhardt



GARDSBESØK: Tor Jacob Solberg, Marthe Hammer, Katinka Kilian, Mari Austvoll Gjengedal, Grzegorz Kramar. Foto: Sander Schadenberg

Av **Sander Schadenberg**



d ved Middelhavet, og ikke utsliitt i fjøset, skriver forfatteren.

FOTO: NTB/AP

GOD STEMNING PÅ LANDSMØTET TIL NBS

Årets største høgdepunkt i Norsk Bonde- og Småbrukarlag, landsmøtet, gjekk av stabelen 14.-16. november 2025 på Clarion Hotel Oslo Airport. Tema for årets landsmøte var matberedskap, og det vart eit møte med mange gode innlegg frå talarstolen og ekstraordinært mange saker på sakslista.

Landsmøteprogrammet starta på fredag etter lunsj med nyttige foredrag og samlinger. Det var lokallagsforum der lokallaga kunne utveksla tips og erfaringer, og det var to ulike fagseminarar med politisk verkstad. Kvelden vart brukt til å sosialisera og diskutera med gamle og nye kjente.

Laurdagen vart sjølv landsmøtet opna med kunstnarisk innslag frå Hordalands fylkesleiar Mari Austvoll Gjengedal, som

sang ein song ho hadde dikta for høvet.

Ei av dei viktigaste sakene som vart handsama var NBS sin nye strategi for 2026-2029. Strategien stakar ut kursen for organisasjonen dei neste åra og har ambisiøse mål om å mellom anna å få 10 000 medlemmar i organisasjonen, auka aktivitetsnivået og bidra til at vi skal bli fleire bønder, ikkje færre. Strategien har ein politisk del og ein organisatorisk del som legg føringar for



Landsmøtedeltakarar frå Hordaland: Fr.v. Thomas Harris, 1. vara til landsstyret, Petter Ulriksen, Ullensvang, Gunnar Trædal, Masfjorden, Mari Austvoll Gjengedal, fylkesleiar, Nikolas Bakkje-Byrkjeland, ungdomsutsending frå Kvam og Kvinnherad, Åse-Marie Reisæter, fylkessekretær, Guro Kvalnes, Ullensvang, Endre Evensen, Voss, Johan Kristian Milde, Midthordland, Jon Bergmål Sveio, Nils Martin Seim, Voss, Håvard Holt, Kvinnherad og Kvam, Svein Trygve Larsen, Bømlo og Stord og Anton Langeland, Kvinnherad og Kvam.

arbeidet til alle ledd av NBS.

Det vart også vedteken handlingsplan for det kommande året, og fleire politiske og organisatoriske saker. Ei av dei var framlegget om at ungdomsutvalet i NBS skal få ein fast plass i landsstyret. Dette framlegget var Hordaland med på å fremja, og det vart vedteken med stort fleirtal. Det vart også fleirtal for nytt kontingentsystem.

Leiartala til Tor Jacob Solberg vekka stort engasjement, der han mellom anna prata om psykisk helse blant bønder og behovet for å reforhandla klimaavtala.

Landsmøtet vedtok óg fire sterke uttaler:

- Skrot samordninga!
- Nei til syntetiske metanhemmarar
- Reforhandle klimaavtalen
- Sjølvforsyning - vi tar jobben når vi veit kva den er

Alle uttalene kan lesast på smabrukarlaget.no.

Landsmøtet vart avslutta med val av nytt styre. Ledertrioen bestående av Tor Jacob Solberg (leiar), Marianne Lunåsmo (politisk nestleier) og Margrethe Figved (organisatorisk nestleier) vart attvalt.

Guro Kvalnes frå Ullensvang og Nils Martin Seim frå Voss var benkkameratar på Hordalandsbenken.



Selia Harboe og Tuva Vevang frå Rogaland var med i arrangementskomiteen for inspirasjonssamlinga vår i Norheimsund. På landsmøtet vart dei begge valt inn i ungdomsutvalet til NBS. Gratulerer!



MEDLEMSKOMMUNIKASJON

HER FINN DU OSS

Viktige nyhende, medlemshelsingar, medlemstilbod og informasjon om viktige arrangement vert sendt ut på epost til medlemmar. I tillegg til dette vert Hordaland BS sine sosiale media jamleg oppdatert.

På vår opne side (facebook.com/hordalandbondeogsmabrukarlag) deler vi oppdateringar om kva som skjer i fylket og lokallaga. Denne er open for alle å følgja. Alle planlagte arrangement i fylkesregi vert lagt ut som eigne arrangement på sida, og desse kan du invitera kjente til.



HBS har óg ei medlemsgruppe (facebook.com/groups/hordalandbs) kor du som medlem kan engasjera deg, diskutera, dela tips og stilla spørsmål.

I tillegg er HBS å finna på instagram.



NY VERVEBROSJYRE!

Det har vore etterspurt oppdatert vervemateriell, og i 2025 fekk fylkeslaget laga ein ny vervebrosjyre for Hordaland. Vi oppmodar alle lokallag om å bruka denne aktivt.

Brosjyren gjev ein introduksjon til laget med gode grunnar for kvifor ein bør bli medlem. Han er fin å ha med på aktivitetar og stands, eller ha i bakhånd når høvet byr seg.

Plukk med deg ein bunke brosjyrar på fylkesårsmøtet eller eit HBS-arrangement, eller send epost til fylkessekretær Åse-Marie på hordaland@smabrukarlaget.no for å få tilsendt nokre i posten.

PLANLEGG LOKALLAGET NOKO?

Gi oss beskjed! Vi i fylkeslaget bidreg gjerne med å spreia ordet om arrangementet på vår Facebook og Instagram - særleg viss ikkje laget dykkar har egne sosiale medier-kontoar.

I medlemsgruppa vår kan alle medlemmar i gruppa leggja ut postar. Her kan de tipsa om arrangementet i forkant og dela bilete og referat i etterkant til inspirasjon for andre.

Hugs å ta bilete! Gode bilete er gull verdt. Send gjerne bileta til hordaland@smabrukarlaget.no, så kan vi ta dei med i neste årsmelding.



Frå fjøsbesøk på Moberg i regi av Midthordland Bonde- og Småbrukarlag

KJØTTMAT FRÅ ÅKRAFJORDEN



Lundal[®]
KVALITET SIDAN 1870
www.johslundal.no



TILLITSVALDE 2025

HORDALAND BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Leiar:

Mari Austvoll Gjengedal
Storhaugen 13B, 5009 Bergen
97045683
mari.gjengedal@gmail.com

Politisk nestleiar:

Anton Langeland
97558602
anton.langeland@gmail.com

Organisatorisk nestleiar:

Håvard Holt
Rosselandsv.212, 5600 Norheimsund
46774900
haavard@hvaas.no

Styremedlem:

Nils Martin Seim
Seimsv.147, 5708 Voss
48154386
nilsmartin@vossoppmaaling.no

Styremedlem:

Tina Bøe Buer
Hegglandsdalsv.754, 5211 Os
41625254
tinabbuer@gmail.com

Styremedlem:

Birte Larsen
Rosenlundv.31
5146 Fyllingsdalen
93207536
post@strutsefarmen.no

Styremedlem:

Knut Conrad Milde
Høljærvegen 51, 5243 Fana
91829232
knutcmilde@gmail.com

Varamedlemmer:

Leif Grutle
Straumøyvegen 129, 5554 Valevåg
98639004
leif.grutle@haugnett.no

Jarle Helland
Hellandsneset 91A, 5936 Manger
41320601
jarlehelland@hotmail.com

Øystein Eik
Baronivegen 57, 5470 Rosendal
93059221
oystein.eik@gmail.com

Ungdomsutvalet:

Johan Kristian Milde, Johannes
Rogdo og Tore Aga Silde

Valnemda:

Irene Dalland, Sindre Taxt Måge og
Gunnar Trædal.

Fylkessekretær:

Åse-Marie Reisæter
Reisetevegen 122, 5776 Nå
48021004
hordaland@smabrukarlaget.no

LOKALLAGSLEIARAR 2025

Bømlo og Stord:

Svein Trygve Larsen
Kanalv.11, 5437 Finnås
913 88 138
svein.trygve.larsen@gmail.com

Etne:

Tore Aga Silde
Nernesvegen 27, 5590 Etne
915 45 088
tore.aga.silde@hotmail.com

Midthordland:

Andreas Gjerstad
Garnestangen 60, 5264 Garnes
46827307
post@soltunbesoksgard.no

Kvinnherad og Kvam:

Håvard Holt
Rosselandsvegen 212
5600 Norheimsund
46774900
haavard@hvaas.no

Masfjorden:

Bjørn Egil Nordland
Solheimslia 149, 5983 Haugsvær
95746490
bjornegil8@hotmail.com

Osterøy:

Øystein Hole
Hosanger, 5282 Lonevåg
959 01 981
eysteinhole@gmail.com

Radøy:

Oddvar Stang

Valdersnesvegen 181, 5939 Sletta
907 97 773
oddvasta@online.no

Sotra og Øygarden:

Svein Misje
Mattisbrekko 4, 5366 Misje
959 13 082
sveinmisje@gmail.com

Sveio:

Brit Oddrun Stuve
Søre Tjernagel 55. 5550 Sveio
45049698
li-rein@online.no

Tysnes:

Anders Lundevold
Bårdsundvegen 89, 5685 Uggdal
93847508
alundevold@hotmail.com

Ullensvang:

Johannes Rogdo
Rogdavegen 110, 5776 Nå
41008813
johannes@rogdo.no

Ulvik:

Lars Helge Ljone
Solhovdvegen 11, 5730 Ulvik
48091851
lars@ljono.no

Voss:

Nils Martin Seim
Seimsv.147, 5708 Voss
48154386
nilsmartin@vossoppmaaling.no



Hordaland Bonde og småbrukarlag

Resultatrekneskap 2025

	2025	2024
Inntekt		
Kontingent	287 919	250 744
Medlemstilskot få Gjensidige	41 224	27 487
Kurs, møte mm	37 900	149 225
Lysingar i årsmelding	42 200	49 100
Tilskot sekretær	38 000	38 000
Tilskot til møte/kurs	95 000	43 000
Tilskot pilotprosjekt	145 000	
Renteinntekt	6 020	2 731
Kundeutbytte Gjensidige	144	138
Sum inntekt	693 407	560 425
Kostnad		
Prosjekt/sponsorstøtte	15 000	
Innkjøp av varer for videresalg		3 379
Løn leiar	45 000	42 000
Løn sekræter	163 000	154 000
Arbeidsgiveravgift	29 328	27 636
Kontorleige sekretær	12 000	11 000
Leie datasystemer	5 488	2 494
Annen leiekostnad	2 000	
Rekneskapsføring	24 416	19 965
Kontorutstyr/rekvisita	1 977	4 687
Porto	106	
Styremøte- kurs mm utgifter	10 107	8 368
Samlingar	186 611	
Representasjon	47 383	14 717
Reklamemateriell	5 121	
Kontingentar	1 000	2 000
Forsikringar	1 129	1 403
Årsmøteutgifter	39 519	177 370
Årsmelding	48 499	41 770
Bank- og kortgebyr	1 200	1 200
Gåver, helsingar	1 564	650
Tap på fordringer	2 400	
Sum kostnad	642 848	512 639
Resultat	50 559	47 786

Åshild Kvarekvål
Autorisert rekneskapsfører

Voss
Rekneskap

Hordaland Bonde og småbrukarlag
Balanse 2025

	2025	2024
Eigedelar		
Kundefordringar		8 800
Forskuddsbetalt forsikring	205	
Bank 9581.10.76644	292 328	220 051
Bank 9581.64.42177	156 911	80 781
Skattetrekkskonto	15 845	9 179
Sum Eigedelar	465 289	318 810
Eigenkapital og gjeld		
Eigenkapital	282 351	282 351
Overført resultat	50 559	
Sum Eigenkapital	332 910	282 351
Gjeld		
Leverandørgjeld	9 663	3 569
Skuldig skattetrekk	15 845	9 179
Skuldig arbeidsgiveravgift	9 272	7 281
Forskuddsbetalningar	97 600	
Skyldig lønn		16 430
Sum Gjeld	132 379	36 459
Sum Eigenkapital og gjeld	465 289	318 810



Åshild Kvarekvål

Autorisert rekneskapsfører

 **Voss**
Rekneskap



På lag med landbruket

Forsikring

Pensjon

I Gjensidige er vi stolte av å samarbeide med Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Sammen kombinerer vi erfaring og ekspertise slik at du kan sikre deg og dine, og alt som er ditt.

Som medlem av Norsk Bonde- og Småbrukarlag får du gode rabatter på privatforsikringer, driftsforsikringer og pensjon hos Gjensidige.

Les mer på gjensidige.no/landbruk, eller ring oss på 915 03100.



Norsk Bonde-
og Småbrukarlag

Gjensidige

